

**Referat frå møte i Sinnes SU 22.11.24**

**Til stades:** Anders Tjørhom, Kåre Todnem, Solveig Marie Ådneram, Siri Fidjeland, Daniel Fidjeland-Skilnand, Sverre Bøgwald Karoliussen, Kari Kvæven og Åse-Berit Fidjeland

**Meldt forfall:** Karoline Morel og Magne Tjørhom

**Sak 5/24: Konstituering av SU 2024/2025 med val**

**Leiar:** Solveig Marie Ådneram

**Nestleiar:** Anders Tjørhom

**Skrivar:** Åse-Berit Fidjeland

**Sak 6/24: Om samarbeidsutvalet (SU) v/rektor**

Samarbeidsutvalet er eit utval der alle partar i skulen er representerte; elevar, lærarar, foreldre og tilsette, samt ein politisk representant. Rektor er skrivar. Det er ein høyringsinstans for m.a. skuleruta, skuleregler og budsjett (som i dette møtet). Elles tek me opp trivselsundersøkingar m.m. og aktuelle saker som blir melde inn. Det er fint å få det på sakslista i førekant, slik at alle er førebudde.

Sidan det er ny opplæringslov, og kommunen har bestemt at me går bort frå eige skudemiljøutval (SMU), går saker om fysisk- og psykisk skudemiljø òg inn i SU-møta.

**Sak 7/24: Høyring om "Forskrift om skuleregler for elevar ved grunnskulane i Sirdal kommune"**

Sjå vedlegg 1

**Sak 8/24: Høyring "Budsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025-2028"**

Sjå vedlegg 2

**Sak 9/24: Møteplan for Sinnes SU**

Nytt møte 10. januar 2025 kl. 08.50

**Sak 10/24: Resultat frå lokal trivselsundersøking – utsett til neste møte****Sak 11/24: Anna: Uteområdet:**

Det manglar framleis nokre bord i ballbingen, og dette må vera ein del av vedlikehald jamt og trutt, samt at ballar på taket må kunne hentast ned. Byggdriftartenesta må ha lift pga. HMS-føreskrifter pga. høgda på delar av taket, og denne må leigast inn. Det er under arbeid. Foreldrerepresentant meiner at det bør kunna leigast inn lokalt, for det er ein i Ådneram-/ Sinnesområdet.

Rektor fortel at det blir arbeidd med å utarbeida ansvarsfordeling mellom m.a. bygg og eigedom og skulen, og ein vedlikehaldsplan er òg under utarbeiding.

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)

## **Høyringssvar "Forskrift om skuleregler for elevar ved grunnskulane i Sirdal" frå Sinnes SU**

Sinnes samarbeidsutval har hatt høyringa oppe på møtet 22.11.24, sak 7/24, og har desse innspela.

### **§3 Kor og når gjeld reglane**

*Reglane gjeld òg på nett/i det digitale rommet.* Det bør vera med sidan det kan påverka skulekvardagen sjølv om det skjer utanfor skuletid.

### **§6 Åtferd**

Bør ChatGPT/KI nemnast spesielt i kulepunkt 6 - **Døme på åtferd som ikkje er god (...)?**

### **§7 Mobiltelefon og anna digitalt utstyr på skulen**

I siste setning må det leggjast til eit ord: (...) *og skal ikkje aktiverast att før skuleslutt.*

### **§9 Om du bryt skulereglane**

Det er OK at kva tiltak ein nyttar i ulike saker er ullen, s. 4, for då veit ikkje elevane kva for nokre reglar eller korleis ein kan bryta reglane.

Generelt er §9 veldig bra, og ein kan bruka skjønn i større grad. Samstundes kan det bli mykje tekst og uoversiktleg, så SU meiner det burde vore sett opp meir punktvis.

### **§11 Skuledemokratiet**

#### **4. avsnitt: Samansetjing:**

Det bør vera to (2) eller tre (3) elev- og foreldrerepresentantar.

### **§12 Vurdering orden og åtferd**

#### **2. avsnitt: Åtferd heng saman med om du syner omsyn og respekt for andre.**

Legg til meir konkrete døme frå førre ordensreglar.

## **Høyringssvar "Budsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025-2028" fra Sinnes SU**

Sinnes samarbeidsutval har hatt budsjetthøyringa oppe på møtet 22.11.24, og har desse innspela.

### **Kommunalsjef oppvekst, s. 56**

Fordeling på teneste:

#### **Skulemat**

I økonomiplanen ligg skulemat inne med 1 400 000 for 2025, og me meiner denne må aukast frå kr. 1 000 000,- seinare år sidan det ikkje er nokon i det lokale næringslivet som kan levera ønska vare etter to anbodsrundar i 2024. Arbeidsgruppa, leia av Anita Heiaas Haugen, og sett saman av elevrepresentantar, representantar FAU og administrasjon på begge skulane, samt reinhald, sende over sitt arbeid med kravspesifikasjonar 12.04.24, sjå vedlegg 1.

#### **Fritidskort**

I ungdomsrådet har det blitt tatt opp ønske om fritidskort, og for elevane på Sinnes skule er det mest aktuelt å bruka dette i skitrekkja. Ikkje alle heimar har høve til å kjøpa årskort, og me ser at det er sosialt når dei "møtest i trekket", og dette bør vera mogleg for alle uansett økonomisk situasjon i familien.

#### **Svipp Sirdal**

Barne- og ungdomsarbeidaren som har blitt tilsett og som m.a. har ansvar for fritidsklubben gjer ein svært god jobb. Dei møtest på ulike stader, og ho både hentar og køyrer elevar heim sidan det ikkje går buss. Er ikkje dette ein del av tilbodet Svipp Sirdal skulle levert?

---

#### **Bygg- og egedomsavdelinga**

Rektor fortel at det er spelt inn saker til bygg- og egedomsavdelinga via kommunalsjef oppvekst:

- solskjerming nordaust i 1. og 2. etasje i nybygg, dvs. ut mot parkeringsplass
- betring av parkeringstilhøva
- nytt golv i gymsalen med demping samt oppussing av gymsalen